



**ØY  
GARD  
EN**

- eit fyrstårn i vest

# **KONKURRANSEGRUNNLAG**

**Open anbodskonkurranse  
etter del I og III i forskrifta**

**for anskaffing av**

**Totalentreprise Teknisk servicebygg og  
bussparkering**

**Saksnr. 20/7217**

# Innholdsliste

1	Om oppdragsgjeveren	4
1.1	Øygarden kommune	4
1.1	Kontaktperson	4
2	Konkurransesgrunnlaget sine dokument	5
2.1	Om inndelinga	5
2.2	Del I – Konkurransesgrunnlag	5
2.3	Del II – Kontrakt med bilag	5
3	Om anskaffinga	6
3.1	Føremål	6
3.2	Omfang og kontraktstype	6
4	Konkurransesgjennomføring	7
4.1	Kunngjøring	7
4.2	Anskaffingsprosedyre	7
4.3	Krav til arbeids- og lønnsvilkår	7
4.4	Krav til bruk av lærlingar	7
4.5	Begrensning i antall ledd i leverandørkjeden	7
4.6	Skatteattest	7
4.7	Framdriftsplan	8
4.8	Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse	8
4.9	Språk	8
4.10	Kommunikasjon	9
4.11	Tilbydaren sine deltakingskostnader	9
4.12	Spørsmål til konkurransesgrunnlaget	9
4.13	Tilleggsopplysningar	9
4.14	Oppdatering av konkurransesgrunnlaget	9
4.15	Alternative tilbod	10
4.16	Deltilbod /delleveransar	10
4.17	Parallelle tilbod	10
4.18	Avvik	10
5	Konfidensialitet og innsyn	10
5.1	Konfidensialitet	10
5.2	Innsyn	10
6	Det europeisk eigenerklærings skjemaet (ESPD)	11
6.1	Generelt om ESPD	11
6.2	Nasjonale avvisingsgrunnar	11
6.3	Samla oppgiving for alle kvalifikasjonskrav i ESPD-skjemaet	12
7	Kvalifikasjonskrav	12
7.1	Om kvalifikasjonskrava	12
7.2	Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar	12
7.3	Krav til organisatorisk og juridisk stilling	13
7.4	Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet	13
7.5	Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar	13
8	Tildelingskriterium	15
9	Innlevering av tilbod	15
9.1	Formkrav og struktur	16
10	Evaluering og avslutning av konkurransen	16
10.1	Evaluering	16

10.2	Avlysing av konkurranse	17
10.3	Melding om val av leverandør	17
10.4	Klage	17

# 1 Om oppdragsgjevaren

## 1.1 Øygarden kommune

Oppdragsgjevar er Øygarden kommune. Fjell, Sund og Øygarden kommune slo seg saman til Øygarden kommune 01.01.2020. Øygarden kommune er Vestland sin nest største kommune med om lag 40 000 innbyggjarar.

For meir informasjon om oppdragsgjevaren, sjå: <https://www.oygarden.kommune.no/>

## 1.1 Kontaktperson

Oppdragsgivar sin kontaktperson er:

Namn:	Agla Margrét Egilsdóttir
Stilling:	Ekstern rådgjevar
e-post	<a href="mailto:agla@odinprosjekt.no">agla@odinprosjekt.no</a>

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen i kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgivar når det gjeld anbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 2 Konkurransesgrunnlaget sine dokument

### 2.1 Om inndelinga

Konkurransesgrunnlaget er delt i to delar. Del I inneheld dokumenter knytt til gjennomføring av konkurransen og som skal nyttast under tilbodsgeving. Del II inneheld kontrakt med vedlegg.

### 2.2 Del I - Konkurransesgrunnlag

Vedlegg	Innhald
DEL I	Konkurransesgrunnlag (dette dokumentet)
VEDLEGG 1	Mal tilbodsbrief
VEDLEGG 2	Mal tilbydars atterhald og avvik
VEDLEGG 3	Mal eigenerklæring teieplikt offentleglova
VEDLEGG 4	Forpliktingserklæring
VEDLEGG 5	Referanseskjema

### 2.3 Del II - Kontrakt med bilag

Vedlegg	Innhald
DEL II	Avtaledokument NS 8407
BILAG 1	Funksjonsskiltring (vedlegg C)
BILAG 1A	Vedlegg til funksjonsskiltring (teikningar og plandokument)
BILAG 1B	SHA plan
BILAG 2	Leverandøren si løysningsskiltring
BILAG 2A	Mal for CV - Nøkkelpersonell
BILAG 3	Prisskjema
BILAG 4	Administrative føresegner
BILAG 5	Endringar i NS 8407
BILAG 6	Endringar etter kontraktsinngåinga
BILAG 7	Totalentreprisaboka Statsbygg
BILAG 8	NS 8407:2011 (ikkje vedlagt)

## **3 Om anskaffinga**

### **3.1 Føremål**

Brannstasjonen i Skogsskiftet i Øygarden kommune byrjar å dra på åra, og manglar ein del rom og funksjonar. Difor er det vedteke å byggje nytt Teknisk servicebygg i Skogsskiftet. Det nye bygget vil liggje rett sør for dagens brannstasjon.

Føremålet med anskaffinga er å inngå kontrakt om totalentreprise for oppføring av komplett bygd brannstasjon og driftsbygning (teknisk servicebygg), med tilhøyrande utomhusanlegg på Skogsskiftet. Øygarden brann og redning sin brannstasjon vil utgjør ein større del av det nye bygget.

Det skal gis opsjonsprisar i samband med opparbeiding av parkeringsareal for Skyss-bussar sør på tomte (opsjon 1 og 2). Vidare skal det gis opsjonspris på planering av tomt nord for brannstasjon (opsjon 3).

Overtaking/ferdig bygg er 19 månader frå kontraktsinngåinga. Orienterande framdriftsplan med byggetid skal leggjast ved tilbodet.

Oppdragsgivar si skildring av leveransen følgjer av konkurransegrunnlaget del II, bilag 1 med underbilag.

### **3.2 Omfang og kontraktstype**

Som kontrakt for gjennomføring av arbeider etter denne anskaffinga nyttast NS 8407 Totalentreprise, med dei endringar som framkjem av kontraktsgrunnlaget.

Kontrakten vil gjelde frå kontraktsinngåing og til partane har innfridd sine forpliktingar etter kontrakten.

Estimert kostnad for hele prosjektet er på 80 MNOK inkl. mva. Dette inkluderer også prosjektering og byggherrerelaterte kostnader.

Kontrakt vert inngått med forbehold om endeleg finansiering/politisk godkjenning. Opsjon knytt bussparkering krev godkjenning av fylkeskommunen.

## 4 Konkurransesgjennomføring

### 4.1 Kunngjering

Konkurransen er sendt for kunngjering i Doffin-databasen via Merzell ([www.doffin.no](http://www.doffin.no)) på dato oppgitt under pkt. 4.7. Oppdragsgjevar administrerer denne innkjøpsprosessen gjennom konkurransegjennomføringsverktøyet Merzell.

### 4.2 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I og del III. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1 (1).

I denne konkurransen er det ikkje høve til å forhandle. Det er følgjeleg ikkje høve til å endre tilbodet etter tilbodsfristen har gått ut. Vidare blir det gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avisast etter FOA § 24-8 (1) b. Oppdragsgivar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. § 24-8 (2) a i forskrifta.

Leverandøren blir derfor på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt til kontaktperson.

### 4.3 Krav til arbeids- og lønnsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112, jf. Del II Bilag 7.

### 4.4 Krav til bruk av lærlingar

Kontrakten vil innehalde krav om at leverandøren er tilknytt ei lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet. jf. Del II Bilag 7.

### 4.5 Begrensning i antall ledd i leverandørkjeden

Det stilles i kontrakten krav om at leverandørane kan ha maksimalt to ledd i leverandørkjeda under seg, jf. Del II Bilag 7.

### 4.6 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

## 4.7 Framdriftsplan

Oppdragsgjeveren har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

AKTIVITET	DATO	TID
Kunngjering sendt for publisering i Doffin/TED	15.09.2021	
Tilbodssynfaring	29.09.2021	Sjå pkt 4.8
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	11.10.2021	Kl. 12.00
<b>Innleveringsfrist tilbud</b>	<b>21.10.2021</b>	<b>kl. 12.00</b>
Tilbodsevaluering	Veke 42-43	
Kontraktstildeling	Veke 43	
Karensperiode	10 dagar	
Kontraktsignering	23.11.2021	
Tilbodets vedståingsfrist	4 månader	

Det vert gjort merksam på at tidsplan etter innleveringsfrist er tentativ. Det vert gjort spesielt merksam på at endelig kostnadsramme skal behandles i både Øygarden kommunestyret og av Fylkeskommunen.

## 4.8 Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse

Det vil bli halde tilbodssynfaring/tilbodskonferanse.

Dag og dato	Onsdag, 29.09.2021
Klokkeslett	13.00
Sted	På tomten, Østre Sundsvegen
Link til Google maps	<a href="#">LINK</a>
Kontaktperson	Agla Margrét Egilsdóttir

Dei som ynskjer å delta kan melde seg på skriftleg gjennom kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Dersom det framkjem spørsmål som endrar føresetnader eller som er av interesse for tilbydarane, vil det bli skrive eit kortfatta referat som vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i Mercell.

## 4.9 Språk

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal vera/gå føre seg på norsk. Det vert gjort merksam på at det same kravet også vil gjelda i gjennomføringa av



avtalen.

#### **4.10 Kommunikasjon**

All kommunikasjon i prosessen skal føregå via Merccell-portalen. Dette for at all kommunikasjon skal loggførast. Når du er inne på konkurransen skal du velje fanebladet Kommunikasjon. Klikk deretter på ikonet "Ny melding" i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgjevar og trykk deretter på "Send" . Oppdragsgjevar mottar så meldinga di. Viss spørsmålet angår alle tilbydarar vil oppdragsgjevar svara på dette anonymisert ved å gje svaret som tilleggsinformasjon. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet Kommunikasjon og deretter under fanebladet Tilleggsinformasjon. Du vil også få ein e-post med ei lenkje til tilleggsinformasjonen.

#### **4.11 Tilbydaren sine deltakingskostnader**

Kostnader som tilbydaren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgjevaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere oppdragsgjevaren i økonomiske forpliktingar.

#### **4.12 Spørsmål til konkurransegrunnlaget**

Eventuelle spørsmål tilbydarane måtte ha til konkurransegrunnlaget må fremjast innan fristen oppgitt i pkt. 4.7.

Spørsmål skal sendast skriftleg via Merccell.

Alle spørsmål vil bli svart på i anonymisert form og gjort tilgjengeleg for alle som har registrert interesse for konkurransen i Merccell i god tid før utløpet av tilbudsfristen.

#### **4.13 Tilleggsopplysningar**

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar ved oppdragsgivar sin kontaktperson innan fristen oppgitt i pkt. 4.7.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgivar sin kontaktperson.

Skriftleg spørsmål om tilleggsopplysningar skal sendes via kommunikasjonsmodulen i Merccell.

#### **4.14 Oppdatering av konkurransegrunnlaget**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål og svar

i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i Mercell.

#### **4.15 Alternative tilbod**

Det vil ikkje opnast for levering av alternative tilbod i konkurransen.

#### **4.16 Deltilbod /delleveransar**

Tilbydarar kan ikkje levera tilbod som berre omfattar delar av konkurransen.

#### **4.17 Parallele tilbod**

Det vil ikkje opnast for levering av parallele tilbod frå samme tilbydar.

#### **4.18 Avvik**

Tilbod som inneheld vesentlege avvik frå konkurransegrunnlag og/eller kontrakt vil bli avvist.

Atterhald og avvik skal opplysast presist og eintydig slik at oppdragsgjevaren kan evaluera tilbodet utan å ta kontakt med tilbydaren. Dersom atterhaldet ikkje lar seg kostnadsberekna vil det kunne føre til at tilbodet blir avvist. Atterhald og avvik skal oppgis i egen mal – Avvik, jf. del I vedlegg 2.

## **5 Konfidensialitet og innsyn**

### **5.1 Konfidensialitet**

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan etter samtykke frå den andre parten. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningsloven, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova, sjå pkt. 5.2 nedanfor.

### **5.2 Innsyn**

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13. Tilbydarane skal levera ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unntatt innsyn, samt signera eigenerklæring på at oppdragsgjevaren er fritatt frå

teieplikt i forhold til opplysningar som ikkje er særskilt identifisert som teiepliktige i tilbydaren si opplysning, jf. del I vedlegg 3.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren gjera ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane tilbydaren har lista opp er av en slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekta innsyn, jf. offentleglova § 29.

## **6 Det europeisk eigenerklæringsskjemaet (ESPD)**

### **6.1 Generelt om ESPD**

Som en førebels dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt og at det ikkje finnast avvisingsgrunnar, skal leverandøren fylle ut ESPD-skjema integrert i Merzell. Dette vert levert elektronisk i Merzell saman med tilbodet. Den eller dei leverandørane som blir innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakt blir inngått dokumentere oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

Oppdragsgjevar kan på eitkvart tidspunkt i konkurransen be leverandøren levere alle eller deler av dokumentasjonsbevisa dersom det er naudsynt for å sikre at konkurransen vert gjennomført på riktig måte.

Dersom tilbydar ønskjer å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for oppfylling av kvalifikasjonskrav skal det også leverast ESPD-skjema for kvar enkelt underleverandør/samarbeidspartner jf. FOA § 17-1 (6).

### **6.2 Nasjonale avvisingsgrunnar**

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunner, seksjon D: «Andre avvisingsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivarens medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardkjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i FOA § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i FOA § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

### 6.3 Samla oppgiving for alle kvalifikasjonskrav i ESPD-skjemaet

I denne konkurransen kan leverandørane i ESPD-skjemaet gi ei samla erklæring om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget. Dette gjer ein i del IV seksjon a i ESPD-skjemaet.

## 7 Kvalifikasjonskrav

### 7.1 Om kvalifikasjonskrava

Kvalifikasjonskrava er absolutte krav. Manglande oppfyljing av kvalifikasjonskrav vil medføre avvising frå konkurransen.

For å kunne få tilbodet sitt evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet (ESPD) om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

### 7.2 Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar

Ein leverandør kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet og tekniske og faglege kvalifikasjonar. Dersom leverandøren støttar seg på andre skal tilbodet innehalda signert forpliktingserklæring, samarbeidsavtale eller liknande som stadfestar at leverandøren vil ha rådvelde over dei naudsynte ressursane.

Dersom tilbydaren planlegg å nytte underleverandørar eller samarbeidspartnarar i samband med gjennomføring av rammeavtalen skal desse identifiserast i tilbodet med omtale av kva tenester eller på kva fagområder dei skal bidra. Mal for forpliktingserklæring er vedlagt, jf. del I vedlegg 4.

Type dokumentasjon frå underleverandør	Kommentar
Forpliktingserklæring / samarbeidsavtale	Nytt Vedlegg 4. Sjå også informasjon under.
Dokumentasjon på oppfyljing av dei kvalifikasjonskrav tilbydar støttar seg på underleverandør for å oppfylle	Gjelder berre dei kvalifikasjonskrav som tilbydar støttar seg på underleverandør for å oppfylle relatert til økonomisk og finansiell stilling eller tekniske og faglege kvalifikasjonar
ESPD-skjema frå underleverandør (oppsett i Merccell)	Sjå pkt. 6.1 Gjelder berre viss tilbydar ønskjer å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for oppfyljing av kvalifikasjonskrav

### 7.3 Krav til organisatorisk og juridisk stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal være registrert i et fagleg register, foretaksregister eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Norske tilbydarar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Firmaattest.</li> </ul> Utanlandske tilbydarar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Stadfesting på at tilbydaren er registrert i bransjeregister eller føretaksregister i samsvar med lovgjevinga i det landet kor tilbydaren er etablert.</li> </ul>

### 7.4 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha god økonomisk og finansiell kapasitet relatert til storleik på og risiko i aktuelle kontraktene.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.</li> <li>- Erklæring om verksemda si omsetjing dei siste tre rekneskapsåra.</li> </ul>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

### 7.5 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
<b>Krav til god erfaring</b> Leverandøren skal ha god erfaring frå oppdrag som kan samanliknast, herunder erfaring med prosjektering og utføring av arbeid av tilsvarande storleik som totalentreprisar.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. <u>Bruk gjerne vedlegg 5 Referanseskjema.</u> Skildringa må inkludere opplysning om: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppdragsgjevar eller mottakar.</li> <li>- oppdragsskildring; ei kort skildring av prosjektet, entreprisemodell, storleik, verdi og kva funksjonar leverandøren hadde i prosjektet</li> <li>- tidspunkt for leveransen (frå/til)</li> <li>- leveransens varigheit frå signering til</li> </ul>

	<p>overlevering</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kontaktperson for den enkelte leveranse, samt kontaktinformasjon.</li> </ul> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p>
<p><b>Krav til gjennomføringsevne</b></p> <p>Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføringsevne</p>	<p>Oversikt over leverandørens totale bemanning, samt oversikt over talet årsverk, med kompetanse for spesielle/viktige fagområde for gjennomføring av denne kontrakten.</p> <p>Det skal gjerast greie for korleis leverandøren vil sikra tilstrekkeleg kapasitet for dette oppdraget. Det skal m.a. leggjast fram ein bemanningsplan for oppdraget som viser talet eigne tilsette, innleigde, underentreprenørar med meir samt organisasjonsplan for prosjektet.</p>
<p><b>Kvalitetssikring</b></p> <p>Leverandøren skal ha tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring</p>	<p>Dokumentasjon (skal gis på én av følgjande måter):</p> <p>Ei skildring av leverandøren sine metodar for kvalitetssikring, med vekt på kvalitetssikring, ressursstyring, ledelsens ansvar, tilvirkningsprosess og kontinuerlig analyse og forbedring.</p> <p>Om leverandør innehar ISO 9001:2015 sertifikat, eller tilsvarande 3. partsverifiserte system, er gyldig sertifikat tilstrekkelig dokumentasjon.</p>
<p><b>Miljøleiingssystem</b></p> <p>Leverandøren skal ha eit etablert miljøleiingssystem</p>	<p>Ei skildring av leverandøren sitt miljøleiingssystem.</p> <p>Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 14001, Miljøfyrtårn eller liknande standard vil det vere tilstrekkeleg å leggje fram kopi av gyldig sertifikat.</p>

## 8 Tildelingskriterium

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris eller kostnad og kvalitet, basert på kriteria nedanfor:

Kriterium	Vekt	Krav til dokumentasjon
<p><b>Pris</b></p> <p>Under dette kriteriet vert vurdert evalueringssum, som består av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Total pris for totalentreprisen</li> <li>- prisar og påslag for rekningsarbeid</li> <li>- opsjonar (berre opsjon 1 og 3)</li> </ul>	90 %	Ferdig utfylt prisskjema. Sjå bilag 3 Prisskjema.
<p><b>Kompetanse nøkkelpersonell</b></p> <p>Tilbudt organisasjon/nøkkelpersonell sin kompetanse og erfaring. Rollene som skal vurderes under kriteriet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Entreprenørens anleggsleiar/byggeleiar</li> <li>- Entreprenørens prosjektleiar</li> </ul> <p>Det skal kun tilbys ein person til kvar rolle og samme person kan ikkje tilbys i fleire roller</p>	10 %	<p>Utfylt CV- og referanseskjema for kvar person.</p> <p>CV per tilbudt personell skal fylles ut i tråd med mal gitt i <b>del 2 bilag 2A</b> og vil bli benyttet i evalueringa.</p> <p>Tilbudt personell anses som nøkkelpersoner og er bindene for oppdraget.</p>

## 9 Innlevering av tilbod

Alle tilbod skal leverast elektronisk via Mercell portalen, [www.mercell.no](http://www.mercell.no) innan tilbodsfristen. Tilbudsfristen går fram av tabellen under pkt. 4.7. Det er leverandørens ansvar å sende inn tilbodet i tide. For seint innkomne tilbod vil bli avvist.

Er du ikke brukar hos Mercell, eller har du spørsmål knyttet til funksjonalitet i verktøyet, for eksempel, hvordan du skal gi tilbod, ta kontakt med Mercell Support på tlf: 21 01 88 60 eller på e-post til: [support@mercell.com](mailto:support@mercell.com).

## 9.1 Formkrav og struktur

Tilbudet vil vera eit uttømande grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteria.

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle tildelingskriterium og andre krav i konkurransen vert svart på og dokumentert.

Tilbudet skal leverast i samsvar med disposisjon og namnestruktur på dokument som opplyst i innhaldslista tatt inn i del I vedlegg 1 Mal tilbodsbrief.

## 10 Evaluering og avslutning av konkurransen

### 10.1 Evaluering

Evaluering vil skje på grunnlag av innlevert skriftleg dokumentasjon.

Evalueringa vil skje slik at det beste tilbudet, vurdert etter oppdragsgivers innkjøpsfaglige skjønn, under kvart tildelingskriterium vil få beste score. Andre tilbud vil tildelast score etter relative avvik frå det beste tilbudet.

#### **Evaluering kompetanse nøkkelpersonell**

Evalueringen vil skje slik at beste tilbud, etter oppdragsgivers innkjøpsfaglige skjønn, vil gis beste score. Øvrige tilbud vil tildeles score etter relative avvik fra beste tilbud. Rollene som skal vurderes under kriteriet er:

- Entreprenørens anleggsleiar/byggeleiar
- Entreprenørens prosjektleiar

Det blir stilt krav om gode koordinerings- og ledelsesegenskaper. Det vil gjøres en helhetsvurdering av den enkelte tilbudte ressurs kompetanse og erfaring hvor følgende momenter som som vil kunne vektlegges:

- A. Utdanning (formell utdanning, inkludert grad og fagretning)
- B. Arbeidserfaring (erfaring, herunder relevans, innhold og varighet)
- C. Referanseprosjekter, tre mest relevante referanser (referanseprosjektets relevans for oppdraget, herunder entrepriseform, byggets formål, ressursens rolle med tanke på koordinerings- og ledelsesegenskaper mv.)

I evalueringen vil punkt C vektlegges høyere enn punkt A og B.

Mal for CV nøkkelpersonell (bilag 2a) skal fyllast ut og leggest ved tilbudet.



## **10.2 Avlysing av konkurranse**

Oppdragsgjevar skal ha rett til å avlyse konkurransen ved sakleg grunn. Som sakleg grunn vert det mellom anna vist til bortfall av planlagt finansiering, manglande godkjenning frå politisk hold og manglande konkurranse.

## **10.3 Melding om val av leverandør**

Etter at val av leverandør(er) er gjort vil alle leverandørar som har gitt tilbod bli skriftleg informert om dette.

Meldinga vil innehalde namn på kven som er tildelt kontrakt samt utgreiing om eigenskapane og dei relative fordelane tilbodet som er valt, i samsvar med tildelingskriteria i konkurransen.

Meldinga vil også angi tidspunkt for utløp av karensperioden.

## **10.4 Klage**

Tilbydarar kan klage på val av leverandør.

Dersom Oppdragsgjevar finner at tildelingsvedtaket ikkje er i samsvar med tildelingskriteriene kan tildelingsvedtaket bli annullert fram til kontrakt er signert.